

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/22	Formannskapet	PS	24.03.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA-K23, HistSak-20/4383	22/43

Kommunedelplan for naturmangfold i Austrheim kommune - Oppstart av planarbeid

Vedlegg:

Austrheim kommune - tilbakemelding på tilskot for å ivareta naturmangfold i kommuneplanlegginga
Søknad - tilskot for å ivareta naturmangfold i kommuneplanlegginga - 2022

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek at planarbeid for **Kommunedelplan for naturmangfold i Austrheim kommune** vert starta opp. Grunngevinga for at dette planarbeidet må starta opp og organiseringa av dette er vist i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova § 11-1 og 11-12.

Formannskapet ber om at kommunedirektøren inviterer inn ein representant frå næringslivet/miljø som driv med samfunnsutvikling i dette arbeidet

Formannskapet - 032/22 - 24.03.2022

FS - behandling:

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) ba om at ein inviterer med personar med erfaring frå nærings- og samfunnsutvikling i ressursgruppa, slik at det ikkje berre vil handla om å verna naturen, men om å leva parallelt menneske og natur.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at Nordhordland Næringslag vart invitert med i arbeidet, og fekk støtte av ordførar Lerøy. Administrasjonen vart bedt om å følgja om dette ved å ta direkte kontakt med næringslaget.

Per Lerøy (Ap) viste til at ein også må samarbeida med biosfæreprosjektet i Nordhordland, og Universitetet i Bergen, og ta med seg kunnskapen derifrå, og dra nytte av dei registreringane som alt er gjort.

Morten Sognes (H) ba om at ein legg vekt på lokalkunnskap, og snakka med dei som bur her.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke, med tillegg frå Lerøy (Ap).

FS vedtak:

Formannskapet vedtek at planarbeid for **Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune** vert starta opp. Grunngevinga for at dette planarbeidet må starta opp og organiseringa av dette er vist i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova § 11-1 og 11-12.

Formannskapet ber om at kommunedirektøren inviterer inn ein representant frå næringslivet/miljø som driv med samfunnsutvikling i dette arbeidet

Saksopplysninger:

Kommunestyret i Austrheim kommune har i sin planstrategi for 2020-2024 bestemt at det skal lagast ein kommunedelplan for naturmangfald. Det vart og bestemt at dette arbeidet skulle gjerast i perioden 2022-2024. Planen skal ivareta omsyn til lokaldemokrati og medverknad. Arbeidet skal annonserast på vanleg måte.

Målet med ein slik kommunedelplan er å få samla oversikt og heilskapleg framstilling av naturmangfaldet i kommunen. Det vil og kunne føra til auka interesse for folk flest for naturen vår og for deu ulike artane me kan finna i kommunen vår.

Klima- og miljødepartementet har desse nasjonale måla for naturmangfaldet:

-Økosystemene skal ha god tilstand og levera økosystemtenester.

-Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal forbeholdast.

-Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for komande generasjonera.

Austrheim kommune søkte i januar 2022 om tilskotsmidlar for koma i gong med arbeidet under ordninga **Tilskot for å ivareta naturmangfald i kommuneplanlegginga**. Kommunen fekk tilbakemelding i e-post den 22.02.2022 frå Miljødirektoratet om at me ville få tildelt kr. 150.000 i tilskot til dette arbeidet. Ut frå dei rammene direktoratet har for denne tilskotssordninga er det i år ressurser for tilskot til 20 kommunar i heile landet. Andre kommunar i Vestland fylke som får tildelt midlar i 2022 er Lærdal, Alver, Samnanger og Osterøy.

Ein slik kommunedelplan vil kommunen bruka som eit verkty for å få ein så god arealforvaltning som mogeleg framover. Også for bønder og grunneigarar som ynskjer å ta vare på kystlyngheia og naturbeiteområda sine vil dette vera ein nyttig kunnskap. Gjerne i samband med ordningar knytt til tiltak/skjøtsel av kulturlandskap. Kommunedelplanen kan og hjelpe kommunen å prioritera område som me ynskjer aktivt skjøtta og beita framover.

Dette planarbeidet kan og verta eit viktig verkty i arbeidet med å forvalta sjøareala våre på ein god og berekraftig måte framover. Det er mange verdifulle marine naturtypar i sjøområda våre. Alt frå område med ålegras, østers, litoralbasseng, pollar, sterke straumar og andre meir sjeldne marine naturtypar. Fosnstraumen ligg i kommunen vår, det er alt i dag eit viktig tur- og reiselivsmål for fiskarar og fridykkarar på grunn av det rike marine naturmangfaldet her. Det som er i sjøen her av naturmangfald er lite kartlagt. Ei undersøking av dette vil gje eit grunnlag for ei betre vurdering av

ulike tiltak i sjøareala i Austrheim kommune. Store deler av Austrheim kommune sine sjøareal er ein del av det marine verneområdet for Lurefjorden og Lindåspollen, me treng meir kunnskap om artsmangfaldet knytt til dette marine verneområdet også. Her vil me bruka intervjuundersøkingar av lokale ressurspersonar som til dømes fiskarar og dykkarar for å få inn kunnskap.

Ein plan for naturmangfald vil også hjelpe oss med viktig kunnskap når arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealplan skal gjennomførast. Det er behov for ein god balanse mellom naturforvaltning og samfunnsutvikling, og ein slik plan vil kunne gje viktige føringar for anna planarbeid som skal gjerast i kommunen framover.

Ei kartlegging vil kunne gjeva oss nyttig verdisettingar av område som har nasjonal, regional og lokal verdi. Me vil og kunne få inn kunnskap og kompetanse som kommunen, innbyggjarane og skulane i dag ikkje har om vår natur og fauna. Dette kan og vera ein ressurs i forskning, undervisning og i reiselivssamheng. Til dømes kan alle som ser **Fotobonden** på NRK sjå kva hans verksemd får ut av naturmangfaldet i sin kommune.

Austrheim kommune ynskjer å ta vare på naturen og naturmangfaldet samstundes som me skal utvikle oss og få på plass nye arbeidsplassar og fleire bustadar. Ein kommunedelplan for naturmangfald vil og gje høgare samfunnsstryggleik. Ei godt skjøtta kystlynghei og reduksjon av uønskt spreiding av sitkagran og krattskog vil kunne redusere faren for ukontrollerte utmarks,- skog- og lyngbrannar, samstundes vil det gje auka attraktivitet for friluftsliv og reiseliv.

Mange område med kystlynghei og naturbeitemark i Austrheim kommune har sidan 1990-talet vorte skjøtta med beiting av utegangarsau og storfe. Dette har betra kvaliteten og naturmangfaldet i store område på mellom anna Krossøy og Børilden. Det er særleg på øyar at sauebeitet har auka, då det er lettast å neita grunna lite trong for gjerde. Med god kommunal planlegging, gode strategiar og ny teknologi kan det leggjast betre til rette for beitebruk og skjøtsel av utmark og innmark også i område nær busetnad og annan infrastruktur.

Austrheim kommune har motivert aktivt til lyngbrenning og skjøtsel av attgrodde beiteområde. Me har i 2021 også nytta kommunale midlar til fjerning av sitkatre/busker omkring kommunesenteret og større bustadområde. Desse områda har me tenkt å få inn beitedyr på i 2022. Det har vore brannførebygging som har vore hovudformålet med desse tiltaka, men naturmangfaldet som elles hadde vorte øydelagt av tilgroinga av sitkaskog er og ein del av motivasjonen vår med dette arbeidet.

Mykje av det attgroande kulturlandskapet i Austrheim kommune er det enno råd om å berga. I første rekkje ved å ta det i aktiv bruk som beiteland for småfe. Erfaring frå dei områda i Austrheim kommune der dette er gjort viser at område med verdfulle kystlyngheiar og naturbeitemarker kan ha eit høgt innslag av raudlista arta, mellom anna trua beitemarkssoppar og ulike typar av sjeldne insekter/fuglar.

Organisering av planarbeidet med kommunedelplan for naturmangfaldet:

Kommunen må oppretta ei arbeidsgruppe frå administrasjon der ein prosjektleiar vil styra dette arbeidet. I dette arbeidet bør desse vera med:

Arbeidsgruppa:

Prosjektleiar Asbjørn Nagell Toft

Representant frå kultur eller undevisningsektoren, kommunedirektøren set ned ein person her

Representant frå felles landbrukskontor, landbrukssjef Laila Bjørge.

Ressursgruppe:

Desse representantane kan vert invitert inn når fagområda deira er tema og etter behov:
Representant frå Landbruksfagrådet i Austrheim
Representant frå Fiskarlaget Vest
Representant med biologisk kompetanse frå Naturvernforbundet og /eller Miljøvernforbundet
Representant frå dykkarmiljø og fritidsfiskarar
Andre ressurspersonar/lag med viktig kunnskap
Statsforvaltaren i Vestland sine ressurspersonar innafor naturmangfald
Havforskningsinstituttet i Bergen

Styringsgruppa for arbeidet er formannskapet i Austrheim kommune.

Det vil verta hyra inn ei konsulentverksemd med god kunnskap knytt til dette arbeidet. Det må gjennomførast intervju-undersøking, synfaringar og artregistreringar i dette arbeidet. Eldre rapportar om tema må og samlast inn og brukast aktivt i dette arbeidet. Det kan vera Viltrapporten frå 2003 (**Viltet i Austrheim. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane**) og Naturtypekartlegginga frå 2003 (**Kartlegging og verdisetjing av Naturtypar i Austrheim**), men det kan og vera andre rapportar om natur/artar frå kommune vår.

Høyringsperioden vert våren 2023. Målsetjinga er få dette planarbeidet godkjent i kommunestyret i løpet av 2023.

Vurdering:

Kommunestyret har i sin planstrategi for 2020-2024 bestemt at det skal lagast ein kommunedelplan for naturmangfald. Dette arbeidet er såleis forankra politisk i kommunen vår.

Kommunedirektøren vil peika på at det er viktig å koma i gang med dette arbeidet no. Det og positivt at Austrheim kommune har fått tildelt kr. 150.000 i tilskot for å gjennomføra dette arbeidet. Noko eigeninnsats vil koma i tillegg.

Noko av det viktigaste for å sikra ei god forvaltning av naturmangfaldet er god naturkunnskap hjå lokalpolitikarar, administrasjonen og innbyggjarane våre. Ein slik planprosess vil vere ein god måte å sikra refleksjon og bevisstgjerung om dette viktige temaet. Me må ta vare på livet og artsmangfaldet i kommunen vår. Det er og ein del av Bern-konvensjonen som Norge har skrive under på. Sikra tilstrekkelege areal med natur, men og restaurera eldre typar kulturlandskap er viktig her etter kommunedirektøren sitt syn. Klimaperspektivet må og vera med oss i dette arbeidet.

Kommunedirektøren vil informera om at kommunen vår har spesielle utfordringar i arbeidet med å ivareta naturmangfald. Desse er mellom anna:

Nedbygging av urørte naturområde til andre føremål
Press på strandsona og sjøareal
Støy og forstyrningar i hekkeområde
Attgroing av sitkagran som sprer seg ukontrollert inn i nye område
Generell attgroing av ymse typar av eldre verdifulle kulturlandskap
Skogplantinga som skjedde noko tilfeldig her som andre stadar på kysten
Myr- og våtmarksområde som gror att eller vert bygd ned
Gardsbruk med kystlyngheier og beiteområde som vert fråflytta/lagt ned

*Færre landbrukseigedomar i aktivt drift enn tidlegare, husdyra forsvinn og med det ein del artar
Få mjølkeprodusentar att, berre 3 stk. i kommune vår, då forsvinn og ein del andre artar
Mink og andre framande artar som truar vår fauna, mellom anna truar dette fuglelivet
Spreiing av svartlista plantar som hemlokk, parkslirekne, lupin og brunsnigel truar andre plantar
Klimaendringar på land og i hav framover
Tilhøva for pollinerande insekter som slit mange stadar
Sjøauren har det vanskeleg no på grunn av lakselus og andre utfordringar i sjø/vassdrag
Miljøkriminalitet (eggsamlarar/ulovleg jakt og forureining av natur)*

Kommunedirektøren rår til at arbeid med **Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune** no vert starta opp. Planoppstart vert annonsert på vanleg måte i lokalavis/heimeside og ein del lag/organisasjonar og offentlege instansar vert tilskrivne.

Konklusjon:

Formannskapet vedtek at planarbeid for **Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune** vert starta opp. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova § 11-1 og 11-12.